



.11 JUN 2009

Kontaktutvalget for Reinheimen
v/ Bjørn Dalen

Arkivnummer
040

Vår referanse
189/09/IRU

Vår dato
08.06.2009

Merking av grensene for Reinheimen verneområde

Viser til Dykkar brev av 18.05.2009, og telefonsamtale den 22. mai, der Dykk etterspør tilbod om merking av grensa for Reinheimen verneområde, samt opplysingar om når i tilfelle vi kan starte opp med arbeidet.

Som eg nemnde over telefon, så kan ikkje jordskifteretten som ein domstol gjeva tilbod på utføring av merkearbeid. Jordskifteretten er imidlertid ofte brukt for merking av grensene i slike vernesaker, og eg gjer nærare greie for kostnadsspørsmålet.

Jordskifteretten kompetanse til å gjennomføre merking av grenser for verneområde som eiga sak med heimel i jordskiftelova § 88. Her heiter det at jordskifteretten skal "*klarleggje, merke av og beskrive eigedomsgrenser, grenser for alltidvarande bruksrett eller grenser for offentlig regulering av eigarrådevelde*". I tillegg til å foreta fysisk merking og innmåling av grensene, ligg det også i dette at dersom det skulle bli behov for rettslege avklaringer undervegs i prosessen, har jordskifteretten også kompetanse til å avgjera dei spørsmåla som er nødvendige for å få gjennomført saka. Dette kan til dømes vera uklårheiter i eigedomsgrenser dersom vernegrensa til dels skal følge private eigedomsgrenser. Jordskifteretten gjennomfører heile saka, frå klarleggjing av grenseforløpet og merkinga med partane, merking og koordinatfesting, til utarbeiding av ferdig kart og grensebeskrivelse, utsending av ferdig kart og tilhøyrande grensebeskrivelse til alle partane i saka, og til slutt tinglysing av grensa.

Når det gjeld kostnadene med å gjennomføre ei slik sak, vil vernemyndighetene måtte bera alle dei reelle utgiftene som knyter seg til saka. Det er vanskeleg å seia på førehand kva kostnadene med ei slik sak vil bli, men eg kan orientere generelt om kostnadsberekninga ved slike saker, og også syne nokre erfaringstal frå liknande saker som jordskifterettane har hatt.

I ordinære grensegangsaker krev jordskifteretten inn gebyr som er meint å skulle dekkje kostnadene ved arbeidet med ei sak. Gebyrsatsene er pr i dag:

Registreringsgebyr: kr 4300

Grenselengdegebyr: kr 1720 pr påbegynte 0,5 km

Partsgebyr: kr 1548 pr part



NORD-GUDBRANDSDAL
JORDSKIFTERETT

Når det gjeld store vernesaker, som merking av Reinheimen verneområde, vil jordskiftekostnadene bli utrekna noko annleis enn ved ordinære grenseganssaker. I tillegg til gebyra er det i slike saker praksis at jordskifteretten krev inn *sideutgifter*, jf. § 74 i jordskiftelova. Bakgrunnen for innføring av sideutgifter, er at saker som er kravd av det offentlege ikkje skal gå utover avviklinga av andre føreliggjande saker. Slike vernesaker vil medføre mykje teknisk arbeid som ikkje kan løysast med dei tilgjengelege ressursane vi har i jordskifteretten pr. i dag, og det må engasjerast ekstrahjelp for å få utført merkinga. Sideutgifter er mellom anna knytt til hyring av ekstrahjelp til oppgåver av teknisk art, grensestikking og avmerking, innmåling og kartarbeid. Etter jordskiftelova § 74 skal sideutgifter krevjast inn forskotsvis.

Sjølv om det i utgangspunktet blir kravd inn sideutgifter i tillegg til gebyra, kan det i saker som dette vera aktuelt å redusere dei samla gebyrkostnadene ettersom ein del av desse i praksis blir dekt av sideutgiftene. Jordskifteretten kan også endre dei samla gebyrkostnadene dersom arbeidet med saka avvik nemnande frå det vanlege. For denne saka vil vi tru det kan vera aktuelt i fleire tilhøve:

- Grensestrekningar der oppmålingsarbeid og merking krev liten ressursinnsats, for eksempel ved at det er langt mellom grensemerka.
- Grensestrekningar som krev liten ressursinnsats av di mykje er avklara frå før, for eksempel der vernegrensa fell saman med tidlegare grenser som jordskifteretten har merka.
- Viss sameiger er partar i saka er det vanlegvis mindre arbeid pr. part, slik at partsgebyret kan reduserast.

Det er som nemnt vanskeleg å anslå dei nøyaktige kostnadene med saka på førehand. Det er hovudsakleg tidsbruken som er avgjerande for kostnaden, og denne er avhengig av fleire faktorar. Som ei orientering kan vi sjå på erfaringstal frå nokre liknande saker. Det er her skilt på sakene etter kor lang grense det er.

Store saker:

- Hallingskarvet nasjonalpark

Øvre Buskerud jordskifterett har merkinga av Hallingskarvet nasjonalpark. Grenselengde: 135 km. Det er om lag 50 partar i saka. Saka er ikkje heilt ferdig, men kostnadene er pr. i dag på om lag kr 600 000. Dette inkluderer både gebyr og sideutgifter. Saka har pr. i dag medført om eit gjennomsnitt på 10 timars arbeid pr. km grense. Kostnader: 4445 kr/km.

Mellomstore saker:

- Honnsrøve naturreservat i Skjåk i 2008. Grenselengde: 28 km. Kostnader: 3800 kr/km
- Fokstugumyre naturreservat på Dovrefjell i 2004. Grenselengde: 25.3 km. Kostnader: 1890 kr/km
- Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett hadde i 2006 merking av Imsdalen naturreservat. Grenselengde: 55 km. Kostnader: 1640 kr/km.



NORD-GUDBRANDSDAL
JORDSKIFTERETT

Små saker:

- Koloberget naturreservat i Sel i 2007. Grenselengde: 3,6 km. Kostnader: 9430 kr/km. Det må her nemnast at dette var ei grense som kravde mykje arbeid, med både klårgjering av grensene i forkant av merkinga, og også dels i svært vanskeleg terreng.
- Flakkstjønna naturreservat i Nord-Fron i 2003. Grenselengde: 8,7 km. Kostnader: 5480 kr/km. Her var det svært mange kryssande eigedomsgrenser som måtte avklarast.
- Mesætermyre naturreservat i Dovre i 2003. Grenselengde: 8 km. Kostnader 4890 kr/km.

Som ein ser, er kostnadene pr. km grense større i dei sakene der det ikkje er så lang grense. Her krevst det ofte tettare merking og avklaring av grenser, som virkar inn på tidsforbruk og kostnader. Eg må likevel presisera at dette er berre erfaringstal som ikkje utan vidare kan nyttast på andre saker. Terrenget er i stor grad avgjerande for tidsbruken på merkinga. Dersom det er mogleg, kan det vera aktuelt å bruke snøscooter tidleg på våren for delar av merkinga, noko som vil vera svært tids- og kostnadsbesparande for merkinga. Det vil bli laga ein rekneskapsrapport vedkomande sideutgiftene ved avslutninga av saka.

Når det gjeld tidspunkt for utføring av arbeidet så kan jordskifteretten starte behandlinga av saka umiddelbart slik situasjonen er pr. i dag. I ei slik sak krevst det ein del forarbeid før sjølve merkinga kan ta til, mellom anna må jordskifteretten halde rettsmøte med partane for å gå gjennom grensa og klårgjera grenseforløpet. Jordskifteretten kan starte avviklinga av rettsmøta i løpet av hausten og vinteren slik at merkinga kan ta til våren 2010.

Kor lang tid merkinga vil ta er vanskeleg å gje eit nøyaktig svar på, men det vil bli arbeidd intenst med saka når ein først har starta opp med merkinga. Erfaringsmessig tek det noko lengre tid dersom det er mange kryssande eigedomsgrenser til vernegrensa, men under normale omstendigheiter og med det forbehold at vi her ikkje kjenner grenseforholda, bør saka kunne vera ferdig seinast innan utgangen av 2011.

Ta kontakt dersom noko er uklårt eller om Dykk ynskjer fleire opplysningar.

Med helsing
 Nord-Gudbrandsdal jordskifterett

Irene Runningen
 kst. jordskifterettsleiar

Dir.tlf. 21 55 32 34

E-post: irene.runningen@domstol.no

Vedlegg: Standard kravskjema for jordskiftesak